



Ronny Pedersen fyller diesel i Uskedalen og er begeistra for tilbodet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kortpumpe og dermed døgnservice i Uskedalen med omsyn til diesel var eit løft på rundt 200.000 kroner for SPAR, men tilbakemeldingane frå båtfolket er klare og eintydige: - Pumpa er eit stort pluss for Uskedalen, denne servicen scorar staden stort på!**

Til dømes traff uskedalen.no søndag bølmlingen Ronny Pedersen, som priste pumpa i høge tonar. Han kom frå Eidfjord og skulle heim og då var det mest praktiske å kjøra innom og bunkra i Uskedalen.

- Korleis er det med dette tilbodet heime på Bømlø?

- Det er i hvert fall ikkje mykje å skryta av der vi bur, på Langevåg som ligg heilt syd i kommunen. Vi har pumpe, men må ringa og styra for å få tak i rette vedkommande som kan komma og ta seg av forsyninga. Og slik er det fleire stader i Sunnhordland, sa Pedersen.

Uskedalen får fleire dieselkundar no om dagen også fordi pumpa i Rosendal er i ustand og ute av drift. Faktisk kan ikkje turiststaden tilby gjestebåtar bunkring denne sommaren.

Rødne Fjord Cruise eig dieselanlegget på kaien og har funne at kostnaden med ny pumpe vert i drygaste laget når dei ikkje treng å bunkra sine egne båtar der. Dei må difor visa båtfolket til Uskedalen eller Sunde.

Av Ola Matti Mathisen